



God innsats av Rosendal mot Tertnes2

Uskedelinger var sentrale da Rosendal fekk med seg uavgjort og eit poeng. I eit ufyselig regnver spela dei 3-3 mot Tertnes2 på Tertnes stadion i dag. Fire frå Uskedalen var med, og det var Hans Fredrik Zimmer, Hermund Døssland, Marius Myklebust og Sondre Myklebust. Alle fire var involverte mykje i spelet og var viktige for laget.

Første del av første omgang starta jamnt, men Rosendal fekk meir og meir overtak utover i omgangen, og kom til nokre halvsjansar. Etter 35 minutt glapp det, og Tertnes fekk eit lett og litt ufortent mål. Etter 42 minutt fekk Rosendal fortent utlikning ved eit praktskot av Hermund Døssland frå langt hald. Det sto 1-1 ved pause.

Andre omgang starta med eit bra Rosendal-press, men på ein kontring vart ein Tertnes spelar felt, og dermed straffe til heimelaget. Straffen vart redda, men ein Tertnespelar var på returen og sette den i mål. 2-1 til heimelaget. Så etter ca 25 minutt fekk Tertnes nok ein kontring, og kunne enkelt setta ballen i mål til 3-1 til heimelaget. Rosendal hadde ikkje tenkt å reisa heim med tap denne dagen. Så etter eit fint innlegg frå venstrekanten i det 31. minutt, dukka unge Marius Myklebust opp, skaut knallhardt på direkten og i mål. Flott angrep og 3-2.

No pressa Rosendal voldsomt og ga alt. Nytt inlegg foran mål og der dukka veteranen Jan Evald Såtendal og heada ballen flott i mål til 3-3.

Siste minuttane pressa Rosendal voldsomt og hadde fleire store sjansar til å vinna kampen, men den ebba ut med 3-3 som vart sluttresultatet.

Denne kampen skulle Rosendal ha vunne etter flott innsats og fint samspel av alle spelarane i store deler av kampen.



[Målscorarane Hermund Døssland og Marius Myklebust](#)

Tekst og foto: Ragnvald Myklebust
Nett: Thor Inge Døssland